**Skylddelingsforretning for Gnr 58 Bnr 21**

Nr. 531 B. Nynorsk.
Baardsen & Co., Halden.
10—50

Førerit frå Finansdepartementet.

# SKULDSKIFTE

Avskrift av ~~utdrag til~~ dagbok nr. 457 1956
Sunnfiord sorenskrivarembete

Dkf. 24/

Tors dag den 19/4 1956 held underskrivne skuldskiftingsmenn etter oppnemning frå lensmannen skuldskifte over garden Sunde

g.-nr. 58 b.-nr. 2 med skuld 6,13 mark i Førde

herad. Skuldskiftet er kravt av Sjur Sunde

som har grunnboksheimelen til den eigedomen kravet gjeld.[1]

Oppnemninga frå lensmannen ligg ved. Av skuldskiftingsmennene har desse gjeve skjønsmannslovnad[2] før: Harald Vie, Samuel Flatin

Desse møtte på skuldskiftet[3]: Harald Vie, Samuel Flatin, Karl Kusslid d. y.

Der er ikkje tilstöytande gra nar.

Til formann valde mennene Karl Kusslid d. y.

Grensone for dem lut av garden, som er skilt ifrå, går såleis som her vert sagt[4]:

Grensa tek til ved krysse millom gardsveg og nedlagd veg. Fyrste merkestein er sett 1 m. frå den nedlagde veg 6 m. frå krysset. Derifrå går grensa til andre merkestein i austleg retning 46,60 m. frå den fyrste, derifrå til andre merkestein 17 m. frå denne i sydleg retning. Vidare går grensa i vestleg retning til andre merkestein 1 m. frå fyrnemnde gardsveg. Denne linje er 18,60 m. Mot til går derifrå til utgangspunktet ved krysset 13 m. frå siste merkestein.

---

[1] Når den som kravde skuldskifte ikkje har grunnboksheimel, vert skuldskiftet ikkje godteke til tinglysing utan han har dom for at han eig den luten av eigedomen som skal skiljast ifrå (§ 1 i skuldskiftingslova).

[2] Har nokon av skuldskiftingsmennene ikkje gjeve slik lovnad som er nemnd i lov nr. 1 frå 1/6 1917 § 20, skal han føre skuldskiftet skriva under ei sovore utsegn: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera mi skjønsmannsteneste samvitsfullt og etter beste overtyding. ............ den ............ 19
N. N.»
Denne utsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skuldskiftet.

[3] Når nokon av dei partar og grannar som skuldskiftet kjem ved, ikkje møter, skal det segjast i skuldskiftet om det er prøva at dei har fått varsel, eller når det gjeld grannar, om det er rekna for uturvande å varsla dei (§§ 2 og 8 i skuldskiftingslova).

[4] Sjå §§ 3 og 8 i skuldskiftingslova. Grensa mot granne-eigedom skal ikkje takast med her når eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skrive. Når mennene etter krav frå partane skifter marka med det same dei skifter skulda (§ 7 i lova), skal dei her taka med dei opplysningane som trengst om skiftinga. Ny bruksrett eller servitutt må ikkje stiftast i skuldskifte utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den eigedomen som heftet skal liggja på (§ 5 i lova).

Den fråskilde luten skal ha rett til å grave brunn på hovudbruket. Denne kan inngjerast som nokon av partane finn det turvande.

Kjøparen av den fråskilde luten må sjølv syta for gjerde kring denne.

Likeins skal kjøparen ha rett til å leggje kloakk og septiktank etter overeinskomst på seljaren sin eigedom.

Den fråskilde luten er mindre enn 2 mål.

F.t.Förde,21.april 1956.

Karl Kuslid d.y.

0,03

6,10

NYHEIM